

Fridtjof Nansen

Elev B

Du og kameraten din har kvar sin versjon av samme tekst, men med luker på ulike stader. Du får ikkje sjå i tekstboka, og heller ikkje på arket til kameraten din. Kameraten din har orda som du manglar. Les teksten din høgt. Når du kjem til ei luke skal kameraten din seie kva som står på hans/hennar ark, og du skal fylle ut det han/ho seier.

Fridtjof Nansen

Fridtjof Nansen blei fødd i 1861. Han _____ på universitetet. Så blei han vitskapsmann. Ein vitskapsmann driv med forskning. Nansen forska først på nerveceller og blei professor i zoologi. Så forska han på havet, og blei professor i oseanografi. Han oppdaga ny kunnskap om _____.

Fridtjof Nansen blei også ein verdskjent polfarar. I 1888 gjekk Nansen og fem menn på ski over Grønland. _____. Nansen studerte korleis menneske kunne leve på Grønland. Han skreiv to bøker frå denne turen.

I 1893 ville Nansen _____. Han og tolv menn reiste mot Nordishavet med polarskuta Fram. Nansen skulle prøve å reise heilt fram til polpunktet. Fram fraus fast i isen, så det blei vanskeleg å komme dit. _____, men dei kom ikkje til polpunktet. Nansen skreiv seks bøker frå denne reisa.

I 1920 blei Nansen _____. I 1922 fekk han Nobels fredspris for humanitært arbeid og fredsarbeid. Han brukte pengar han fekk frå fredsprisen, til å hjelpe _____.